

KYRKJELYDEN

Kyrkjelydsblad for Tokke Kommune Nr. 2-2025, årgang 39.





KONTAKTINFORMASJON FOR KYRKJESTABEN:

E-post: kyrjekontoret@tokke.kommune.no - Adresse: Storvegen 60, 3880 Dalen
Telefon: 35 07 52 30- Heimeside: www.kyrkja.tokke.no

Kontoret har faste opningstider tysdag og onsdag 10-14, men er ofte ope også andre dagar.

KYRKJESTABEN
Kyrkjeverge Bjørnar Kalbach
Christensen
90 87 71 88
kyrkjeverja@tokke.kommune.no

Sokneprest i Eidsborg, Mo og Skafså
Hallvard N. Jørgensen
Telefon: 95 92 29 84
Epost:
hallvard.jorgensen@tokke.kommune.no

Sokneprest i Høydalsmo og Lårdal
Nina Kirkerød
Telefon: 91 86 20 89
Epost: nina.kirkerod@vinje.kommune.no

Prostidiakon Eilev Erikstein
91 11 35 80
eilev.erikstein@tokke.kommune.no

Sekretær Tone Solli Lundstad
35 07 52 30/90 56 12 33
tone.solli.lundstad@tokke.kommune.no

Kyrkjetenar Jan Haddad
94 98 16 45
jan.haddad@tokke.kommune.no

Kyrkjetenar Ståle Skafså
99 04 06 46
stale.skafsaa@tokke.kommune.no

Organist Robertas Lamsodis
97 09 74 75
rlamsodis@yahoo.com

SOKNERÅDSLEIARAR
Eidsborg, Mo og Skafså: Tone Dale
Solvang
Høydalsmo og Lårdal: Marit Djuve

LEIAR OG NESTLEIAR I TOKKE
KYRKJELEGE FELLESRÅD
Gunnar Øverland og Camilla Lagergren
Knudsen

.....
Framsida: Viggo Johansen, "Glade jul"
(1891)
.....

I REDAKSJONEN:

Hallvard N. Jørgensen (redaktør),
Eilev Erikstein, Gunstein Seltveit,
Christian Utigard.

Kyrkjelydsbladet «Kyrkjelyden»
Vipps 3886, alternativ 1
«Kyrkjelydsbladet i Tokke». Eller:
Kontonummer 2685.07.06947. Dersom
du gjev gåve på bankkonto, merk
overføringa «Gåve, kyrkjelydsbladet».
Bladet drivast no på frivillig basis i alle
ledd, men ein treng stønad til trykking av
blad.

REKTIG GOD JOL!





PRESTENS HJØRNE

I gudstenesta si fyrste bøn, seier vi: «Lat no opp hjarta våre ved din Heilage Ande». Det er ei bøn som det er verdt å meditere over. I både fysisk og andeleg forstand er hjarta eit slags sentrum i vår personlegdom. Bibelen understrekar mange gonger dette. «Tak vare på hjarta ditt framfor alt, for livet går ut frå det». Moderne medisin kan seie noko om korleis hjarta pumpar blod. Men medisinen understrekar også hjarta har mange nervebanar og produserer hormon. Nokon seier at hjarta er «vår vesle hjerne».



I liturgien bed vi då om «opne hjarta». Det må såleis handle om at heile personlegdomen vert opna og mottakeleg, ikkje berre tanke og hovud og rasjonalitet. I kyrkje og gudsteneste kan slik openheit vere knytt til det å vere stille. Kristen tradisjon omtalar dette som både «meditasjon» og «kontemplasjon». Visdomstradisjonar seier at når du er stille, då etablerer du kontakt mellom hovud og hjarta, og dei kjem på bylgjelengde. Det er noko lækjande i dette. Og om ein gjer dette i bøn, i Guds nærvere, så kan ein opne seg opp for Gud sjølv. Vi bør nok såleis seie at det viktigaste i liturgi og gudsteneste ikkje er «å forstå» eller «å lære», men heller å «vere til stades med eit ope hjarta».

Som menneske har vi ulike slags «grenser» og ulike gradar av «openheit», ut frå kva situasjon og relasjon vi står i. Det er rett og rimeleg og sunt at det er slik. Ein mann vil ha visse grenser i møte med ein ektefelle, visse i møte med barna sine, visse i møte med ein arbeidskollega, visse i møte med vener. Men eit viktig mål bør vel likevel vere at vi er opne for oss sjølve, og djupet av vår personlegdom? Vi kunne seie: At vi er opne for den guddomelege røyndomen i vårt indre. Filosofen Martin Buber tala om «eg og du», at vi møter kvarandre med ekte nærvere og merksemd, og er opne for kvarandre. Vi kunne utvide dette, og tale om å ha eit ope hjarta for skog og natur og dyr og planter også. Altså: Å la «rasjonalitetskategorisering» kvile for ein augneblink, og heller ta imot det vi kjenner inni sentrum av vår personlegdom.

Dette var ein meditasjon om å ha «eit ope hjarta». Og no i jolehøgtida som nærmar seg, er det joleevangeliet, med alle sine tilhøyrande tonar og smakar og bilete og leikar og kunstverk, som vi blir kalla til å meditere over, og opne oss for. Så vil eg ynskje «god jol» til kvar og ein i Tokke.

HNJ





NYE PUTER TIL BENKANE I LÅRDAL KYRKJE

Soknerådet i Høydalsmo og Lårdal ynskte nye puter til benkane i Lårdal kyrkje, og dei vedtok å ordne og å kjøpe dette. Gunnar Øverland hjalp til med arbeidet med dette, og han kontakta Hilde Meinstad, som laga putene. Ho kom på besøk til kyrkja og tok mål av benkane. Soknerådsmedlemene var der då også og tok ut fargen dei ville ha. Putene er finansiera frå arven etter Sverre Moens legat. Dei som har vore involvera i «putearbeidet» på ulikt vis, skal ha stor takk. Dette blir til glede og kvile i mange ulike kyrkjelege samanhengar.

Hallvard NJ, med informasjon frå Marit Djuve



BIBELKVELDAR PÅ FILADELFIA DALEN

Den norske kyrkja i Tokke har eit godt og gjensidig samarbeid med pinsekyrkjelyden Filadelfia, og dette set vi stor pris på. Filadelfia Dalen arrangerer bibelkveldar, der alle er velkomne. Her fylgjer litt informasjon om dette, frå Signe Marie Stenseth:

“Filadelfia Dalen har i haust hatt bibelkveldar der fokus har vore å lese høgt frå Bibelen saman, dele tankar og spørsmål om det vi legg merke til i teksten. Vi har starta med Johannesevangeliet og lest 1-2 kapittel kvar gong. Dette er fine kveldar – over te- og kaffe og noko å bite i. Velkommen til å bli med søndagar kl 18:00 med mindre det er anna gudsteneste på ettermiddagen i Tokke eller at vi avlyser det pga at mange er forhindra i å møte. Vi har ei eiga messenger-gruppe som annonserar kveldane, slik at alle får ei melding, i tillegg til innlegg på facebookside til Filadelfia. Hjarteleg velkomne!”

HNJ





Å GJERE VEST-TELEMARK TIL EIN VARMARE STAD Å BU

Dette er tittelen på boka diakonen vår, Eilev, har gjeve ut i 2025. Bakgrunnen for boka er blant anna slik han sjølv formulerer det på omslaget: «Denne boka får vera min vesle takk til menneske og institusjonar eg har fått samarbeide med gjennom desse åra».

I 1991 vart Eilev tilsett som diakon i Vest-Telemark. Han tok over stafettpinnen etter Per Emanuelsen. Vi får i boka vere med på korleis stillinga som prostidiakon starta opp og vart ein realitet. Far til Eilev var prest, og det vart ein del flytting. Både mora og faren har betydd svært mykje for Eilev slik han gjev uttrykk for i boka.

Eilev gjev lesarane ein glytt inn i det arbeidet ein diakon utfører, både med humor og alvor. Vi fylgjer gjennom korte tidsbilete tida frå han og Elin flytta til Dalen fram til tida i dag. Som diakon har Eilev mange gonger opplevd meningslause ting, der unge og eldre har blitt borte på ulike vis. Sorg og sakn kan vere vanskeleg å takle, og her siterer eg Eilev i kapitlet «Samtala om smertelindring»: «Det startar med lyttinga. Det enklaste og vanskelegaste av alt. Kanskje er det mot det handlar om. Mot til å vente litt på svaret, eller til å stille dei ekstra utfordrande spørsmål».

Vi blir med Eilev i kommunane i Vest-Telemark, treffer på personar som på ulikt vis har gjort inntrykk på han. Vi får eit innblikk i samarbeid med ulike grupperingar, kommunale og frivillige. Vi fylgjer Eilev på pilegrimsturar med sorggrupper eller med konfirmantar. Interessant er også å lese korte skildringar frå kyrkjene i Vest-Telemark. Eilev vart svært skuffa og lei seg då skogsleiren i Kleivgrend vart nedlagt. Boka gjev i det heile ein spanande glytt inn i det diakonale liv som har fått fotfeste i Vest-Telemark, og som Per og Eilev har vore med og meisla ut.

Eilev har alltid vore glad i å sitere forfattarar som har gjort inntrykk på han. Som ein avslutning kan det passe med eit vers av «Tenn lys» som alltid vart sunge i Skogsleiren på joleavlutninga under stor jubel:

*«To lys skal skine
for kjærleik og for tru,
for dei som alltid elskar,
for dei som byggjer bru.
må fangar verte frie
og heimlause få ly.*

*Tenn lys for dei som sørgjer;
kveik deira mot på ny.»*

(Eyvind Skeie)

- Gunstein Seltveit





Konfirmanter Høydalsmo og Lårdal 2025

Frå venstre: Nina Kirkerød (prest), Martin Betten, Synne Stigen Byggland, Kristin Moen Lofthus, Vilde Omland Sending, Linn Iren Djuvet-Kovajord.

ITC/EI TEKKE IIA VENSTRE: VEGARD KÅBDE, ELITE PRATTEIA, VYSTEIN JONASSEN VERPE, AUGUND MOSØY, VEMUND MOSØY, EMMILIA FERNANDO ALARENA-SOLHEIM.



KONFIRMANTAR EIDSBORG, MO OG SKAFSÅ 2025:

Første rekke fra venstre: Anne Gaasthønn, Oda Kristine Strand Aarstad, Emily Tomine Veen Hagen, Linnea Heggli Gjerlid, Lilly Solheim.

Andre rekke fra venstre: Andrea Aase Vadder, Emma Sordal Heggard, Ingebjørg Kvanvik Feiland, Torstein Småbrekke, Mikkel Drevsjømoen Døll, Hallvard Nordbø Jørgensen (prest).

Tredje rekke fra venstre: Vegard Rabbe, Eirik Brattestå, Øystein Jonassen Verpe, Angond Mostøy, Emilian Fernando Aravena-Solheim.



HURRA FOR ROBERTAS LAMSODIS, 60 ÅR!

Vår kantor Robertas, som me har i eit godt samarbeid med Vinje, vart seksti år i oktober. Robertas er ein mann som er mange stader, men leiar for fellesrådet, og varaordførar Camilla Lagergren Knutsen overraska han under Yrkesmessa på Vest-Telemark Vidaregåande skule med ein blomsterbukett.



BRA NÅR TOKKE OG VINJE SLÅR SEG SAMAN

Det ligg ikkje noko snikinnføring av kommunesamanslåing i overskrifta. Men meir ein glede over samarbeid. Slik som diakoniutvala i Tokke og Vinje gjer, når dei får andre året på rad marker Verdsdagen for psykisk helse med temakveld i Nesland kyrkje ein tysdag kveld i oktober. Nesland er ein god møtestad, ti kilometer unna både Åmot og Dalen.

Her var det innlegg ved Ingrid Selveit, Nina Svendsen, Christian Utigard, Elin Erikstein og Tor Eivind Erikstein, og Tokke Songlag hadde lagt sin øvingskveld hit.

Tema for Verdsdagen i år var Psykisk beredskap

Psykisk beredskap kan også vere er og å meine noko om helseteneste, og forsamlinga slutta seg til ei felles uttale om å ta vare på døgnposten ved DPS i Seljord som vart eit lesarbrev i VTB. Men som kjent hjelpte ikkje det.





Kyrkjeverge Gunnar Øverland passsar godt på den gamle bibelen.



FREDRIK DEN II'S BIBEL FRÅ 1589

Skafså kyrkje har mange spesielle klenodier. Fyrst kan vi nemne det gamle renessansealtarbordet. Dette stod i den gamle stavkyrkja som vart riven i på 1820-talet. Eit anna stort klenodium er krusifikset som er frå 1200-talet. Det er den såkalla bysantinske type der Kristus ber kongekrone, ikkje tornekrone. Sjølve det originale krusifikset kan ein sjå på museet i Eidsborg, men kyrkja i Skafså har ein svært vakker handlaga reproduksjon. Så kan vi vidare nemne ein stor runestein ute i sakristiet, denne er frå rundt år 1100. Ja, fleire ting kunne også blitt nemnde. Interesserte kan lese meir på ein ny informasjonsplakett ved inngangen til kyrkja.

Men her skal vi rette blikket mot eit flott eksemplar av Fredrik II's Bibel frå 1589. Denne Bibelen vart gjeve til kyrkja av ein utflytta Skafsåmann, Kr. Blikom. Bibelen vart sett fram på altaret i ein del høve, men var elles låst inne i ein safe. Dette var likevel ikkje godt nok for Riksantikvaren, og for ein del år sidan vart den flytta til Vest-Telemark museum. Nå har Frode og Vebjørn Bjerke laga ein flott glasmonter som Bibelen kan stå i, inne i Skafså kyrkje. Kyrkjelyden kan nå glede seg over å sjå Bibelen når dei kjem inn i kyrkja. Vi kan nemne som ein kuriositet at førre eigar nytta Bibelen til å presse blomar. Blar du i boka, kan du finne alt frå firkløver til løvetann.

Gunstein Seltveit og Hallvard NJ.





Å GJERA VEST- TELEMARK TIL EIN VARMARE STAD Å BU
Å gjera Vest-Telemark til ein varmare stad å bu, er visjonen for diakonien i Vest-Telemark. Ein måte å gjere det på er å kunne hjelpe nokon over kneika no før jul, eller like gjerne når rekningane hopar seg opp på nyåret. Diakonatet og diakonen disponerer nokre kroner for kunne yte litt ekstra støtte til mat eller anna før jul. Kontakt gjerne prostidiakonen Eilev Erikstein på 91 11 35 80.



POP-UP KYRKJEKAFFI PÅ HØYDALSMO

Pop-ut er eit heller dårleg nynorsk ord, men det tyder altså at noko plutselig dukkar opp med noko ekstra. Som Gunhild Lofthus på Høydalsmo som rett som det er improviserer kyrkjekaffi. Her er det soknepresten I Høydalsmo og Lårdal, Nina Kirkerød som blir servert på novembermessa i Høydalsmo.





BABY-SONG PÅ HELSESENTERET

I eit samarbeid mellom Kyrkja, Helsesenteret og Helsestasjonen vert der Baby-song på Helsesenteret på Dalen desse måndagane:

2 FEB., 2 MARS, 14 APRIL OG 1.JUNI

Alle dagar kl. 10.30

Leiar for Baby-songen er Nina Svendsen, her saman med Øyvor Fossli Loddengård og Lone på seiste samling før jul.



Blomsterbua

Tlf: 35 07 71 67

brithwenche@dalenblomster.no
dalenblomster.no





FASTEAKSJONEN 2026

Neste års Fasteaksjon går av stabelen 22-24. mars.

I år samla ein inn 78 000 til Fasteaksjonen i Tokke. Eidsborg/Mo og Skafså 58 000 og Lårdal/ Høydalsmo 21 000. Pengane etter Fasteaksjonen må teljast og sendast Kirkens Nødhjelp.

KLOKKERINGING FOR GAZA

Når orda ikkje strekk til let me klokkene ringe. Det er gamal kyrkjeleg lære. Sjuande august ringde kyrkjeklokka på Høydalsmo i sju minutt. Kyrkjeklokker som ringer blir kraftfulle bøner. Denne gongen var det spesielt knytt til situasjonen på Gaza. Slik bad biskopane oss gje uttrykk for vår uro og vår protest mot dei lidingane menneskje opplever i verdas krigsområde som Sudan og Ukraina. Samstundes med klokkeringinga vart det opne kyrkjer.



VELKOMEN TIL TOKKE FRIVILLIGSENTRAL!

- Sjå våre vekesprogram på Facebook eller plakat på
- Utlånsentral med ski, sykklar og anna fritidsutstyr.
- Gratis utlån av lokalet til lag og foreningar.

Bli frivillig – gjer ein forskjell!

Har du litt tid til overs og lyst til å gjera noko meningsfullt? På Frivilligsentralen treng me deg! Vil du vera tur- eller besøksvenn, bidra på arrangement eller hjelpe nokon som treng det – alle bidrag tel!

Bli med og skap eit varmare og meir livande lokalsamfunn!

Ta gjerne kontakt med oss om du vil bli frivillig eller treng meir informasjon.

Adresse: Hotelvegen 1, 3890 Dalen Tlf: 992 02 501 E-post:

tokke.frivilligsentral@gmail.com

Seniornett

VELKOMEN TIL TOKKE SENIORNETT!

Treng du hjelp med data eller telefon?

Velkomen innom til Jacques kvar torsdag kl 10 – 14, på Tokke Frivilligsentral.

tokke@seniornett.no



TOKKE SENIORNETT

- får seniorene på nett -





TORSDAGSKLUBBEN

Torsdagsklubben er søndagsskulearbeidet i Høydalsmo, ope for alle barn frå 4 år. (Småsysken kan òg vera med, saman med ein vaksen.) Frå månadsskiftet september/oktober til mars/april samlast me stort sett annan kvar torsdag frå kl. 17.30 til 19.00 på bedehuset Elim i Høydalsmo (Langedøl 14).

På samlingane syng me mykje, og me blir kjende med bibelforteljingane. Borna får tenne ljøs, lære ei enkel truedkjening og Fadervår. Etter søndagsskuledelen gjer me ulike hobbyarbeid, spelar spel eller leikar. Av og til bakar me bollar. Dei som har byrja på skulen, kan vera med ut til enkle speidaraktivitetar i skogholtet rett ved Elim. Til slutt et me kveldsmat i lag. Seiste klubbmøte før jol og påske er foreldre velkomne til ein ekstra god kveldsmat.

I romjoli arrangerer me joletrefest for alle i bygda, og to gonger i året syng me på familiegudsteneste i Høydalsmo kyrkje. På hausten er det samling for alle på Elim etter messa, og etter messa i mars har me ski- og akedag i Oftejordet med grilling og kyrkjekaffi.

På TORSDAGSKLUBBEN er alle born frå 4 år hjarteleg velkome til fellesskap og glede, så det er berre å invitere med vener som ikkje er medlem av kyrkja!

Våren 2026 er samlingane på desse torsdagane:

15. januar, 29. januar, 12. februar, 26. februar, 12. mars og 26. mars.



4. joledag (28. des.) kl. 16.00 er det
JOLETREFEST på ELIM i
HØYDALSMO

Me syng jolesangar, går rundt joletreet, les Joleevangeliet, høyrer ei liti joletale, et kaker, drikk brus eller kaffi, kauper lodd og vinn kanskje noko fint.

Og så skal TORSDAGSKLUBBEN syngje, og me får besøk av englebarn eller småkongar med noko godt i korga!

VELKOMEN TIL SMÅ OG STORE!

Arr.: Torsdag og Pinsemenigheten Elim,
Høydalsmo





Til lesarar av Kyrkjelyden

Tokke

Som nytilsett i Tokke kommune så ynskjer eg å kome med ei helsing til dykk alle. Det er spanande å arbeide i Tokke kommune med mange flinke og trivelege kollegaer.

Eg byrja i stillinga mi fyrste september og har no levera innstilling til budsjett for 2026 og økonomiplanperioden 2027-2029. Det er mange kommunar i landet som no skal spare mykje på grunn av kostnadsauke innom tenesteproduksjon. Tokke kommune må også spare dei neste åra og budsjettet legg opp til relativt store innsparingar. Som kommunedirektør ynskjer eg likevel å minne alle på at Tokke kommune kjem til å ha fokus på kvalitet i tenesteproduksjon innom helse og oppvekst samt vidare satsing på kultur, friviljuge, lag og organisasjonar. Økonomiplanen legg opp til å bygge delvis ny Tokke skule, nytt dagsenter ved Tokke helsesenter og oppgradering på Åheim bufellesskap.

Møteplassar og kulturelle opplevingar er og viktig for gode og meningsfulle kvardagar der folk møter folk i positive opplevingar.



Tokke kommune vil i 2026 prøve ut ein ny møteplass kalla Torsdagstreffet. Her vil du få både sosialt, informativt og kunstnerisk påfyll. Du vil finne meir om dette under sesongprogrammet på neste side.

Eg vil elles nytte høvet til å ynskje alle innbygggarane i Tokke kommune, ei riktig god jol og eit god nytt år.

Beste helsing

Åge Verpe
Kommunedirektør



Velkomen til

Torsdagstreffet

Torsdagstreffet er ein nyoppstarta serie aktivitetar som Tokke kommune vil tilby på utvalde torsdagar kl 12 i 2026. Aktivitetane vil føregå på Kulturhuset.

Aktivitetane/arrangementa på Torsdagstreffet er i hovudsak meint for pensjonistar, men alle er hjarteleg velkomne uansett alder.

Torsdagstreffet er knytt opp til pilotprosjektet for nærtjenestesenter. Torsdag 15. januar vil me markere oppstarten av både Torsdagstreffet og nærtjenestesenteret, med informasjon, kaffe og kake.

(Endringar i programmet kan oppstå. Dette vil i så fall bli annonsert på biblioteket, på Friskus og på nettsida.)

Sesongprogram:

torsdag 15. januar kl 12: Fyrste torsdagstreff og offisiell oppstart av nærtjenestesenteret

Temaet denne torsdagen er "Kommunen informerar" og du vil få nyttig informasjon om tilbod og tenester for deg som innbyggjar.

Kommunedirektør Åge Verpe kjem og informerar om årets budsjett og om korleis det vil påverke kvardagen. Hit kjem også kommunalsjef for helse og omsorg, Marit H. Bråstøyl, for å fortelje om tilbod og tenester. Til slutt vil også tilsette i pilotprosjektet for nærtjenestesenter informere litt om aktivitetane framover. Det blir severt gratis kake og kaffe.





torsdag 26. februar kl 12: Svindel mot eldre

Det er ein kraftig auke av anmeldte bedrageri i Noreg, spesielt mot eldre. Dette skjer både på internett og telefon.

Teknologi og kunstig intelligens gjer det vanskeleg å oppdage svindelen før det er for seint, og svindlarane er dyktige og utspekulerte. Politiet, ved politikontakten vår, Christian Doksørød Gründer, ynskjer i dette foredraget å informere om korleis du kan forebygge bedrageri.

torsdag 19. mars kl 11: Verdens poesidag

Prostidiakon Eilev Erikstein er ein ihuga poesilesar.

I samband med at det er Verdens poesidag denne veka så vil me markere dette med å ha Eilev på besøk til litt høgtlesing og samtaler om poesi. Tak gjerne med deg dine favorittar som du kan dele i gruppa.

Oppmøte på biblioteket. **(OBS: dagens arrangement er kl 11)**

torsdag 9. april kl 12: Verdens helsedag

Datoen for verdens helsedag (som egentleg er 7. april) er vald fordi det var på denne dagen Verdens helseorganisasjon (WHO) vart oppretta i 1948.

Denne dagen vil me ha fokus på forebygging i form av aktivitet og ernæring.

torsdag 23. april kl 12: Verdens bokdag


Christian på biblioteket vil naturlegvis nytte høve til å markere at Verdens bokdag er denne veka. Christian kjem til å stå klar med blant anna ei rekke boktips i fleire kategoriar. Oppmøte på biblioteket.

torsdag 7. mai kl 12: Framtidsfullmakt

Å tenkje på framtidsfullmakt er viktig av fleire grunnar, spesielt når ein ynskjer å sikre egne interesser og behov dersom ein skulle bli ute av stand til å ta avgjerder sjølv.

Denne torsdagen får me besøk av jurist Ole Daniel Danbolt som skal halde foredrag om framtidsfullmakt.






Tokke kommune

nyttar appen **Friskus kommune**.
Her får du informasjon frå din
kommune - rett i lomma



For hjelp til å koma i gang,
scan denne qr-koda



Treng du digital rettleiing?

Kanskje du treng hjelp til å laste ned, og bruke, innbyggjarappen Friskus? Eller treng hjelp til å bruke digitale statlege tenester? Frå 21. januar kan du ringe og avtale tid for hjelp på onsdagar mellom kl 0900 og 1400. Meir informasjon om denne tenesta vil bli gjeven på Torsdagstreffet 15. januar.



SORGGRUPPE FOR VEST-TELEMARK

I eit samarbeid med soknediakonen i Seljord vert det i år gjeve tilbod om ei sorggruppe for heile Vest-Telemark.

Ansvarleg for gruppa er prostidiakon Eilev Erikstein saman med ein frivillig medarbeidar. Oppstart i januar 2026, samlingsstad vert avgjort når ein ser kven som melder seg.

Det vert fem samlingar på to timar kvar, Tema som vert tekne opp er: Kva hende? Kva er sorg? To-prosess modellen Ulike meistringsstrategiar Kva gjev håp no?

Tilbodet er ope for alle, uavhengig av livssyn. Påmelding til næraste kyrkjekontor eller prostidiakonen 91113580 eller på e-post til eilev.erikstein@tokke.kommune.no



SORGKAFE PÅ FRIVILIGSENTRALEN

Helgemesse er ei viktig kyrkjeleg høgtid på hausten. Som vanleg var det minnemesse på Kulturhuset og opne kyrkjer i Høydalsmo og Skafså.

Nytt av året har ein Sorgkafe i samarbeid Frivilligsentralen. Sissel Timland (biletet) delte nokre tankar om sorg som livsutfordring.

VANDRING FOR FORANDRING

Vandring for forandring – to dagar over Haukelifjell til Røldal- er ei årleg vandring for menn som har mista barn, sambuar, ektefelle, sysken, kameratar eller kollegar til sjølv mord. Neste års vandring er 5-6.september. Vandring er ein del av markeringa av Verdsdagen for sjølv mordsførebygging.

DIAKONISAMLING FOR VEST-TELEMARK FYRSTE SUNDAG ETTER PÅSKE

Dei siste 20 åra har den årlege felles Diakonisamling for Vest-Telemark vore fyrste sundag etter påske. I år er staden Kviteseid sundag 12.april 2026. Det startar med årsmøte, så gudsteneste og samling. På denne samlinga deler Diakonatot ein Diakonipris. Men det blir ingen Diakonipris utan gode kandidatar. Frist for innsending av framlegg til Diakoniprisen, er 1.april 2026.







Byggfag Skreosen og Dalen

Til alle dine byggeprosjekt,
små og store

Dalen: 35077072 Skreosen: 35055130
dalen@skreby.no post@skreby.no

Lio Auto A/S

Din lokale bilverkstad

Me utfører:

- Mekaniske reparasjoner
- Karosseri reparasjoner
- Lakkering
- Oljebehandling
- 4-hjulsmåling
- AC-service
- Diagnose
- Bilvaskmaskin
- Dekkservice

Me reparerer alle bilar!

3 års garanti på delar og arbeid! Tlf: 35 07 71 32

Lio Auto A/S
3880 Dalen
Tlf: 35 07 71 32
post@lioauto.no

Mekonomen
Bilverksted

www.lioauto.no



YX Dalen



- Softis
- Milkshake
- Fast food
- Nysmurt
- Bollar
- Mobiltilbehør
- Propan

YX Dalen, Storvegen 227, 3880 Dalen
Telefon: 35 07 71 32

www.lioauto.no



Øvre Telemark Begravelsesbyrå

Øvre Telemark Begravelsesbyrå AS

Alt innen gravferd.
Oppsett og oppussing av gravstein.
Stell av gravminne.

telemarkbegravelse.no

tlf. 466 90 000 | post@telemarkbegravelse.no
Mosasida 215, 3840 Seljord

Trygt, omsorgsfullt og verdig



SONGAR FRÅ BEDEHUSET

Det var godt å vere til stades i Skafsåheii
Fjellkyrkje laurdag 8. november. Vi som
hadde tatt turen dit
fekk høyre klassiske bedehussongar
framført av Jarle Aabø gitar og song,
Kjetil Bergheim piano og
filolin, Sondre Fosli Stenseth saxofon, og
Lina Haugholmen song. Salige visshet,
Navnet Jesus, La meg
få høre om Jesus og O, Jesus Du som
fyller alt i alle var nokre av songane som
vart sunge. Publikum
fekk også vere med på ein del av songane,
noko dei viste å sette pris på. Takk for ein
flott kveld ifjellkyrkja!

Referent



Førjulskveld Filadelfia Dalen 18 desember kl 19.00

*Allsang, solosang,
musikk og dikt
kort andakt*

*Medvirkende;
Sondre Fosli Stenseth
Lina Haugholmen
Ingrid Seltveit*

*Hallvard Nordbø Jørgensen
Signe Marie Fosli Stenseth*

*Gratis inngang
og servering av grøt,
saft og kaffe
ved Filadelfia*

Arr. Filadelfia Dalen og
Eidsborg, Mo og Skafså
sokneråd



GOSPELKVELD I FJELLKYRKJA

Fredag 3. oktober hadde mange sett fram til med forventning. Då stod «Gospelkveld i Fjellkyrkja» på plakaten. Forventningane vart oppfylte, og vel så det. Dei fire som losa oss gjennom ei rekke kjente songar var inspirerte, og vi som var tilhøyrarar fekk ein kveld vi seint vil gløyme. Songrepertoaret var svært variert. Det var songar av Elvis, Mark Knopfler, Lynda Randle og Elias Akselsen for å nemne nokre. Sondre Fosli Stenseth briljerte på saxofonen, Hege Tveito Valencia og Lina Haugholmen med gode røyster, og Halvard Jørgensen på bassgitar og piano. Ein slik kveld vil vi gjerne oppleve ved eit seinare høve. Sjølv sagt hørte det med kaffi og kaker!

Referent





FELA FRÅ SKAFSÅ

Eg som er prest i Eidsborg, Mo og Skafså, er også eit halvt år engasjert som sokneprest i Seljord. Biletet er frå ein institusjonsandakt på Nestunet som eg hadde i lag med kantor Kjetil Bergheim. Her vart vi kjent med Kåre Barsgård, som er frå Skafså. Han deltok med trekkspelmusikk som preludium og postludium.

Kåre var i yngre dagar bussjåfør med rute frå Skafså til Dalen. Men så var det mykje ventetid på kvardagane. Og i den fritida laga han si eiga fele!

Og ei fantastisk flott fele var det, med sirlige mønster, perlemor i gripebrettet og elles høg kvalitet.

Men her er fleire "band" til Tokke. For det var Olav Lykka frå Åmdals Verk som hadde lært Kåre korleis han skulle lage fele. Lokket på, og botnen av, fela er i gran. Og materialet var teke frå ein laftestokk som hadde vore del av ei tømre som stod på Midjås. Perlemor-innlegget i gripebrettet var henta frå Bø-elva.

Vi fekk lov å fortelje frå samtalen og vise eit bilete frå andakten, og eg vil seie "tusen takk" til Kåre for ei hyggeleg stund. Seljord er elles flinke til å ta i bruk tradisjonell folkemusikk i kyrkjeliv og gudstenester. Det er like eins eit mål for oss i Tokke, som også har djupe handverks- og folkemusikktradisjonar.

HNJ



Sigvei Bastiansen: Joleminne frå Gamleheimen.

Då me var små, gledde me oss veldig til jol. Den gong var det ikkje så mykje presangar som i dag. Fekk me ein liten ting, vart me svært glade. Det me syntest var mest moro og høgtidleg, var når joletreet var pynta. Likeså når me fekk opp kornbandet og der kom mange fuglar.

På Gamleheimen var det mange å stelle for, så det var ei travel tid før jol. Det skulle bakast og bryggast. Mor hadde ekstra godt sukkerøl.

På joleftan skulle alle bade, så sant dei var oppegåande. Den gong var det ikkje elektrisk straum. Det var å varme vatnet. Badekaret var veldig stort, syntest me.

Heile dagen gjekk med til bading, pluss alt det andre som skulle gjerast. Men alle hjelpte til så godt dei kunne. Klokka 5 måtte alt vere ferdig. Det var ein gamal skikk. Då badinga var ferdig, fekk alle småkaker og øl. Det tykte me smaka ekstra godt. Klokka 5 var bordet ferdig dekket.

Det var smørbrød med mykje godt pålegg. Alt som hørde med til joleftan. Seinare på kvelden var det risgraut. Men så kom det me alle venta på: Gange rundt joletreet. Og då kan du tru alle var med, gamle såvel som unge. Me var 6 ungar på Gamleheimen, og det hende me var fleire.

Det var spesielt ei som me hugsar godt. Ho heitte Ingebjørg. Ho var like ivrig som oss ungane til å svive rundt joletreet. Me syntest det var rart at ho orka, for ho var så gamal.

Me tykte joletreet var svært fint. Der var stearinljøs i alle slags fargar, og mykje fin pynt. Det var ein fin ring rundt treet. Dei gamle var med, så sant dei kunne gå. Og det syntest me ungane var veldig moro. Me sang av full hals. Alle kunne synge. Av og til spela Håkon fele. Me heldt det gåande til seint på kveld. Måtte kvile av og til. Og då smaka det med appelsiner. Det rant fælt av stearinljosi og ned på golvet. Så joledagsmorgonen måtte me skrapa ljøs som hadde runne på golvet. Men det brydde me oss ikkje om. Andre kvelden var det på'n igjen! Og slik heldt me det gangande heile joli.

Men så var det ein jolefta me aldri vil gløyma. Plutseleg banka det på døra. Kva trur du? Jau, det var ein loffar, eller fant som me sa den gongen. Han hadde ikkje nettopp så reine og fine klede, syntest me. Og me tenkte at no var den jolekvelden øydelagt! Han spurde om å få overnatte. Og det fekk han. Mor og far sa aldri nei til det. Men tru det eller ei. Det vart ein veldig fin og koseleg jolekveld. Han fekk god mat, og han vart med og gjekk rundt joletreet heile kvelden. Den jolekvelden vil me som sagt aldri gløyme.



Joleminne frå Sigvei Bastiansen.
Intervjua av elev, Marianne Seltveit, på
Kyrkjebø skule i 1998.





DET ER MENNESKE SOM ER VERDIEN

Det får vere konklusjonen etter det 21. Verdiseminar i Vinje. Tema var “Å gjera verda betre.” Her var mange gode og kloke tankar. Det skjer noko magisk når orda og musikk når hjarta. Dagen var også ein siste del av Diakonatets 40-års jubileum, og som vanleg er det fint å samarbeide med Vinje kommune om desse seminara. Ein spesiell takk til ordførar Jon Rikard Kleven som opna seminaret for 11. gong. Vår prost Asgeir Sele har ei like lang karriere som oppsummerar.
Eilev Erikstein



Frå venstre: Wenja Rui (soknerådsleiar Rauland), Merethe Jørgensdottir Reinskås (SLT-koordinator og sjukepleiarstudent), Christian Utigard (leiar Tokke Bibliotek), Marit Sørby (diakonutvalet og soknerådsleiar Kviteseid), Nils Ole Lien (musikar), Jon Rikard Kleven (ordførar Vinje kommune), Anne Lene Aase (kunstnar) og Asgeir Sele (domsprost). Foto: Eilev Erikstein (diakon)

Svar på rebus i forrige utgåve:
Sherlock Holmes, Jesus, kaptein Krok, Per Høst, Lloyd Webber, J.S. Bach, Albert Einstein, Knut Johannesen, Donald, Hitler, Peter, Lucky Luke, Columbus.






REBUS: VERKTØY OG INSTRUMENT

Send inn svar på rebusen, og dei som har 10 rette eller fleir, vert med i trekkinga. Frist : 1. mai 2026 til Gunstein Seltveit, Skafsåvegen 705, 3880 Dalen, eller på mail til gunstein@seltveit.no Lukke til!

Dei som vart trekt ut som vinnarar var: Torhild Askje, Nordbygda og Asbjørn Bygland, Høydalsmo Gratulerer, og takk til alle som leverte inn svar!
Ein Twist pose er premien.





JOLEHELING FRÅ PREST NINA KIRKERØD

God jul i hus og hytte!

Det nærmer seg jul, og vi steller i stand med alle de juletingene vi pleier, i trygghet om at det blir jul i år også. Vi pynter hjemme, lager god mat og lever i forventning om at den magiske julefreden skal senke seg i hus og hytte.

I høst var jeg på reise til Addis Abeba i Etiopia i regi av Kirkens Nødhjelp. Vi reiste rundt og besøkte flere prosjekter, og jeg ble mektig imponert over hvor solid arbeid Kirken Nødhjelp driver. Det jeg ble aller mest glad for å se var hvordan de som fikk hjelp ble ansvarliggjort, selvstendige og stolte. De ville klare seg selv og hadde fått en ny fremtid.

Vi var i en landsby og så hvordan en enkel vannpumpe kunne forandre et helt samfunn. Med rent vann ble livet annerledes. Hygien til alle innbyggerne ble ivare tatt. Diare og sykdom ble begrenset. Nå trengte ikke jentene å bære vann i mange



timer daglig, men kunne isteden gå på skole. Det var satt ned en egen vannkomite bestående av både menn og kvinner som tok seg av driften av vannpumpen. De viste oss stolt stedet der de hentet rent vann. Ansvar og nye muligheter ga håp for framtiden, og gjorde livet enklere å leve for alle i landsbyen.

Vi var også på et jordbruksprosjekt der Kirkens Nødhjelp kun hadde gått inn med enkle midler. Der møtte vi stolte bønder som ivret etter å vise oss hva de fikk til. Første stopp var pumpen de hadde i elva. Det var lite vann der, selv om det var rett etter regntiden. Men det vannet som fantes ble pumpet opp på jordene. Vi fulgte vannledningene og så der de dyrket korn og grønnsaker. Ved å drenere grøftene, delte de på vannet. Det var hardt arbeid, god jord, og innhøsting to ganger i året. Bøndene hadde ansvaret for driften. Med hjelp fra sesongarbeidere fikk de det til. Sårkorn var det et eneste Kirkens Nødhjelp bidrog med. Bøndene vi møtte, var stolte og glade for avlingene de høstet inn. Dette ga livsnødvendig inntekt til mange familier.

Vi bodde flere netter i Addis Abeba. Det er en stor by med 11 millioner mennesker, og det anslås at det lever ca. 50.000 gatebarn der. For meg var det sårt å se hvordan barna ble overlatt til seg selv. Verden har ikke forandret seg så mye. Også Jesus var flyktning. Kong Herodes sto han etter livet, derfor viste en engel seg i Josefs drøm, og ba han ta med moren og barnet og flykte til Egypt. Der ble den hellige familie til kong Herodes var død. Gatebarna jeg møtte, som hadde flyktet fra krig og uro, levde under samme livsvilkår som julens hovedperson. Da Gud ble menneske, ble han som en av oss. Han ble som en av de aller mest vanskeligstilte blant oss. Sånn viste Gud at han identifiserer seg med alle verdens lidende. Da jeg gikk rundt i byen lurte jeg på om gatebarna også har forventninger til julehøytiden. Får de mulighet til å spise et festmåltid og vet de hva julefred er? Tankene mine spant videre: Hvilken fremtid drømmer de om? Og hvilke muligheter har de til å virkeliggjøre drømmene sine? Jeg drog hjem med frustrasjon over verdens urettferdighet. Jeg skulle så gjerne ønsket at all krig og fattigdom ble utryddet, og at alle kunne leve et trygt og godt liv.

Kirkens Nødhjelp har kunnskap og kreativitet til å bekjempe fattigdom, men de er avhengig av hjelp fra oss for å få midler til å hjelpe flest mulig. Kirkens Nødhjelp har et prosjekt hvor vi her i Norge kan betale for en geit som en fattig familie får. Med geita stilles det krav: Barna må gå på skole, jentene må ikke utsettes for omskjæring og heller ikke giftes bort før de er 18 år. Vi besøkte familier som stolt viste fram geita og kjeene. Med inntekt fra dyrking og salg av grønnsaker og en geit som fikk avkom, livberget de seg. De vi møtte, var kjempeglade og takknemlige for inntekten dette ga dem. I øynene deres skimtet jeg et håpet om en tryggere fremtid.

Dette prosjektet med geiter og vannpumper satt i gang masse tankevirksomhet i meg. Tenk at en geit kan forandre fremtiden! Tenk at en pumpe og rent vann kan forandre fremtiden! Tenk at litt sårkorn kan forandre fremtiden!





Vi drømmer om en god jul, akkurat sånn som jula skal være, med lys og varme. Kanskje vi også skal våge å drømme om en annerledes fremtid for befolkningen i Etiopia, de arbeidsomme bøndene, gatebarna og alle de fattige familiene. Vi kan aktivt være med på å la drømmene deres gå i oppfyllelse.

Noen av de eldste damene her i Tokke fortalte meg: Tidligere ble det sagt at hvis en fikk tak i en geit og en sæbyggje, var en berget. Kirkens Nødhjelp har en kampanje om å gi en geit i julegave. Hvis vi husker vår egen historie, forstår vi hvor viktig en geit kan være. Kanskje det er en gaveide til noen som har alt!

Det er mitt juleønske i år er at vi deler med andre, sånn at julegleden kan tennes i øynene til alle rundt hele jordkloden. Hvis vi ikke går oss bort i alt vi skal gjøre, er det enda tid til å oppfylle andres drømmer! Se Kirkensnødhjelp.no.
Velsignet julehøytid i hus og hytte!

Nina Kirkerød
sokneprest i Høydalsmo og Lårdal



Alle bilete ovanfor: Nina Kirkerød

Bilete til venstre: Geir Endre
Kristoffersen





SNEKKERMESTER

Per Bjerke AS

Vinduer - Dører - Innredninger
Restaurering - Montering

Snekkerverksted Etbl. 1932



Ring Frode 92888841

Epost: frode@perbjerke.no

Vistadmoen 3, 3880 DALEN



Johre Revisjon

Olav Johre
P.b. 43, 3886 Dalen
Besøksadresser:
Hotelvegen 16, 3880 Dalen
tlf. +4735077550
mobil +4791518005
Epostadresse:
olav.johre@johrerevisjon.no
Web: johrerevisjon.no





SLEKTERS GONG

EIDSBORG, MO OG SKAFSÅ
SOKN

HØYDALSMO OG LÅRDAL SOKN:

DØYPTE:

Eira Bekk Bergand, Skafså

DØYPTE:

Ingrid Sofie Einbu Pedersen, Lårdal



VIGDE:

Lene Furland Hidle og Kristian Mandt,
Eidsborg

VIGDE:

Nelly Madelene Aamot Ingvaldsen og
Roger Kristensen Rosland, Lårdal

Tiril Flørnes Støle og Herman Lia, Skafså
Anastasia Fullerton og Audun Herfindal,
Eidsborg

Synne Kroge Sauar og Christoffer Kroge
Sauar, Skafså

Sarah Ørtoft Johnnysdatter og Pål Martin
Gautefall, Eidsborg




DØDE:

Hans Lindestad, Skafså
Ingebjørg Skaalen Vistad, Mo
Asbjørg Lilly Taraldlien, Eidsborg
Frank Harry Frantzen, Skafså
Sondre Kringlåk, Mo
Kjetil Lio, Skafså
Anne Marie Vadder, Mo
Bjarne Bastiansen, Skafså
Bjørge Jonny Nevahaug, Mo
Svanaug Ljostad Vistad, Mo
Åge Sollid, Skafså

DØDE:

Asborg Lid, Høydalsmo
Torstein Einar Tveito, Lårdal
Johans Holte, Høydalsmo
Astrid Holte, Høydalsmo





Vest-Telemark

GRAVFERDSBYRÅ

Døgnvakt

928 13 634

Gravferdstenester

Gravstein

Omsliping, påskrift,
vask og oppussing av
eldre gravstein.

www.vtgravstein.no





GUDSTENESTAR

Gudstenesteliste

Torsdag 4. desember kl. 18: Eidsborg stavkyrkje. Ljosmesse på nikulsdagen med framføring av delar av Draumkvedet. Gløgg og pepperkaker.

Sundag 7. desember kl. 11:
Tokke kulturhus. Bokutdeling.
Konfirmantpresentasjon. Pylsefest.

Sundag 14. desember kl. 11: Lårdal kyrkje. Jolesonggudsteneste.
Konfirmantpresentasjon.

Sundag 14. desember kl. 17: Skafså kyrkje. Jolekonsert med lokale deltakarar.

Jolaftan 24. desember kl. 13: Lårdal kyrkje

Jolaftan 24. desember kl. 14: Høydalsmo kyrkje

Jolaftan 24. desember kl. 15: Tokke kulturhus

Joledag 25. desember kl. 11: Mo kyrkje

Sundag 4. januar kl. 17: Mo kyrkje. Mo barnekantori med fleire har program.

Sundag 11. januar kl. 11: Høydalsmo kyrkje

Sundag 25. januar kl. 11: Skafså kyrkje

Sundag 1. februar kl. 11: Tokke kulturhus


Sundag 15. februar kl. 11: Lårdal kyrkje

Oskeonsdag 18. februar kl. 18: Tangane. Bålfyring. Konfirmantane deltek.

22. februar kl. 11: Mo kyrkje

1. mars kl. 11: Tokke kulturhus

For oppdatert informasjon om gudstenester og andre arrangement, sjå heimesida kyrkja.tokke.no, eller gudstenestelista i Vest-Telemark Blad. Velkomne til gudsteneste!



For oppdatert og påliteleg informasjon om gudstenester – sjå framfor alt: Vest-Telemark Blad og heimesida: kyrkja.tokke.no

Facebooksida: «Den norske kyrkja i Tokke» annonserer også hummer og kanari om det som skjer i kyrkja.

Merk at alle er velkomne til å fylgje konfirmantane i konfirmasjonsgudstenestene. Nokre av desse gudstenestene kan ha noko avgrensa plass.